



Hans Reidar Kjærland ved inntaket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Har du ein vasslekkasje ein eller annan stad der du bur som du ikkje veit om?

Det er vassverk-leiar Hans Reidar Kjærland som spør slik på laurdagskvelden etter å ha registrert urovekkjande høgt vassforbruk denne dagen.

Forbruket ligg no rundt 10-11 liter i sekundet sjølv om den klart største forbrukaren, Hjørnevåg, ikke er i drift no i helga. Normalt ligg forbruket rundt 5 liter på laurdagane medan det er rundt 11 kubikkmeter i vekedagane når Hjørnevåg er i funksjon.

- Og kor mykje vatn får vassverket frå inntaket i Eikelva?

- Vi får ikkje tak i meir enn 11-12 liter i sekundet og utifrå det er det lett å skjønna at vi er bekymra.

- Kva er forklåringa på det høge forbruket?

- Vi har ikkje noko anna og betre forklåring enn at det lekk ut vatn både her og der. Det er ikkje uvanleg når det tinar opp att etter ein kaldversperiode. Difor oppmodar eg abonnentane om å sjekka kranene sine og stengja dei som står opne og renn. Det kan og ha oppstått lekkasjar i diverse tomme hus. Vertshuset var jo eit aktuelt døme på det for nokre dagar sidan, seier vassverkleiaren.

Av Ola Matti Mathisen